

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 Fylke: Oppland.  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Etnedal.  
 Emne: Bålbrenning på visse dagar. Bygdelag: Heile bygdi.  
 Oppskr. av: Lærer Martin Lundstein. Gard:  
 (adresse): Bruflat. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Her seier me og bål om alle bål ute i et fri.

2-3

Bål som bli brende jonsokk kallar me "jonsokkbål" Det som bli brent pinsaftan kallar me "pinshaug".

Me brukar same navn enten bålet er stort eller lite.

4-5

Brenning ute julehelg har ikkje vore brukt her.

6-7

Heller ikkje i påskehelga har der vore brent bål her.

8

Brenne "pinshaug" har vore vanleg her, og av og til jonsokkbål, men syftesok og olsok ikkje.

9-11

"Stølseld" eller andre bål i samband med krøterstell er ukjent her.

12-13

Der var ingen viss tendetid, og heller ikkje brann bålet heile natta.

14-15

Det var gjerne på same staden dess e bålet vart brende år om anna. Her var bålstaden Óiaholmen, Fløgeisberget og stundom ogso andre-stads.

16-17

Det vart ikkje brent bål på kvar gard, og heller ikkje ved kvee eller grindar.

18-19

Ikkje alle er med ved bålbrenning. Det er mest ungdomen, som stakar med dette, men gifte folk og eldre er ogso stundom med. Kven som vil, kan vera med.

20

Born laga ikkje bål sjølve, men møtte mykje attåt fram.



21 -22

Foreningar eller verksemdar har aldri drive bälbrenning her.

23 -24

Det var ingen feresege-gjerd med bälet. Det var berre ein stor haug med kvist og kvas, drege fram frá nærmaste skog Gamle tjere-tunnor har vore brukt til bäl her ogso, men gamle bätar ikkje.

25- 26

Figurar i menneskeskapna ved bälbrenning er ukjent her. Vyrkje til bälet vart aldri kjöpt her.

27

Ingen var pliktige, berre dei som vilde, skaffa vyrkje til bälet,

28 -30

Her vart ,som sagt, kvist og kvas og anna skogsafall nytta som vyrkje til bäl. gamle ting og stolne saker var aldri på tale.

31 -32

Storleiken og skapnaden på bälet vart det ikkje tala om. Dei vilde sjölv sagt helst ha eit stort bäl. Elles var det ettersom det var lett vint om vyrkje. Kapping om største bäl let, höyrde ein ikkje tale om.

33 -35

Om flamma på bälet, gneistresputring og röyken vart det heller ikkje sagt noko om.

36

Utan om "pinshaug" og jonsökbäl har det ogso vore prøvd og prøves av og til med stort bäl til vern mot frostskaade på kornäkrane. Slike bäl vart då laga om kvelden ved utkanten på äkeren, när dei meinte det skulle bli frostnatt, og när det vart tent litt för soloppgang, og röyken la seg utover äkeren ,skal det vera eit godt vern mot frostskaade, meinar dei.

37 -38

At röyken skulle vera bra för kröter, eller dei skulle kasta brandar på kvarandre, er ukjent her.

39

A ta varsel av flamme, röyk eller gneistrar er ukjent her.

40

Samkomsten omkring bälet jonsokaftan vart kalla jonsokleik eller sankthans leik. og ved bälet pinskvel den "pinshaug"

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

14130

41 -42

Det var mest ungdom "tenåringar" og elles meir tilsekomen ungdom ogso, som var med i leikane omkring bålet. og dei held aldri på heile natta. <sup>gamle</sup> Eldre folk var sjeldan med.

43

Niste hadde ingen med ved desse samkomstane, men brennevin var det nok mange som hadde med, og det vart mang ein gong meir eller mindre fyll.

44

Dans var det som oftast ved desse samankomstane, ~~men~~ aldri rundt bålet, men på ein plass i nærleiken eller på ein låve, om ein slik lág beleilig til.

45 -46

A hoppe over bålet eller springe gjennom royken, hoyrde ikkje med til leiken, men ein sâg ofte at den yngste ungdomen for med slikt.

47

Me kjenner ikkje til skikken om å ta med seg heim noko frå bålet å gjöyme det.

48

I gamal tid kunne dei stundom sjå eit bål av anna slag enn dei som her er nemnde. Det var når dei ute på ein åker brende "likstrå" = likhalmen frå sengen at den dó de. Då skulle dei sjå vel etter på kva lei røyken sveiv, for på den kanten skulle det neste dødsfall koma.

Skikken i dag.

49

Blant eldre folk har det vist ikkje vore større snakk om skikken med å brenne bål. Dei har set det som ei vanleg ungdomsmoro, som det korkje er vondt eller godt i. Annan oppgâve enn litt moro for ungdomen har elles ikkje denne skikken heretter.

50

Kor gamal skikken med bålbrekking er her, veit vist ingen no, men den har i all fall vore tiå so lenge som eldre folk kan minnast. At denne skikken i sistetid har minka her, er sikkert. I dei siste 5-6 år har det snaut



nok vore tendt noko bäl her.

51

Grunnen til at bäl med leik omkring no er sjeldan eller aldri ä sjä,er utvilsomt at det no er mykje annan underholdning for ungdomen enn för. Ein kan til dömes nevne kino, Idrett og sumt anna.